

Snorres  
kongesoger

# Snorres kongesoger



☞ Snorre har skrive det fremste historiske verket i den norrøne epoken.

☞ Verket heiter *Heimskringla* (*Kringla heimsins* på norrønt).

☞ Verket blir òg omtalt som *Snorres kongesoger* fordi det inneheld sogene om dei norske kongane frå Halvdan Svarte, som levde på midten av 800-talet, og fram til kong Sverre, som levde samstundes med Snorre.


☞ *Heimskringla* omfattar totalt 17 kongesoger. «Soga om Olav den heilage» er den mest omfattande.

☞ Kongesogene er ei blanding av historie og dikting.



## Litt meir om Snorre Sturluson

- ☞ Snorre kom frå ei mektig islandsk ætt og levde i første halvdel av 1200-talet.
- ☞ Snorre var høvding og vart den rikaste mannen på Island da han gifte seg med ei velstående enkje.
- ☞ Snorre var svært ambisiøs og prøvde å bli den norske kongens representant på Island.
- ☞ For å nå dette målet søkte han støtte hos andre mektige menn på Island.
- ☞ Men planane hans slo feil, og Snorre vart drepen på garden sin av ein leigemordar, utsend av kong Håkon Håkons-son i 1241.



*Snorre Sturluson teikna av målar  
Christian Krohg*



## Soga om Olav den heilage



☛ Soga om Olav den heilage er henta frå Snorres kongesoger. Ho fyller om lag ein tredel av sogene og fortel om Olav Haraldssons bragder i ungdommen, om kampen hans for å bli konge og for å innføre kristendommen i landet.

☛ På same måten som ættesogene er kongesogene til Snorre ei blanding av historie og diktverk. Forteljemåten, personskildringane og den fyndige, knappe stilen har kongesogene felles med islendingesogene.

## Bakgrunnshistorie

☞ Olav Haraldsson er son av ein norsk småkonge og fødd på Ringerike rundt år 995. Det eksakte fødselsåret er usikkert. Tolv år gammal reiser han på si første vikingferd. Snorre fortel at han har villskapen, eventyrlysta og dei eigenskapane som skal til for å bli ein god viking.

☞ Først reiser han til austersjølanda, deretter til Danmark og England. 16 år gammal er han med og plyndrar Canterbury. Etter fleire tokt i England dreg han til Normandie i Nord-Frankrike, der han lét seg døype i Rouen. Her får han mange kristne impulsar og blir påverka av forteljingar om heltar og overnaturlige hendingar.

☞ På veg heim til Noreg er han innom London, der han gir kong Adalråd ei hjelpande hand mot danene. London Bridge



blir riven i 1015 i kampen mot danske Knut den mektige, og Olav blir lønt av kong Adalråd for hjelpa.

☞ Olav kjem heim til eit splitta Noreg som i stor grad er eit ættesamfunn styrt av småkongar og høvdingar. Det er med andre ord lite rom for å innføre kristen tru, men Olav har likevel eit prosjekt han trur på, og som han er villig til å gjennomføre med kamp.



☛ Olav blir konge på Austlandet, seinare i Vika (Oslofjordområdet) og Agder. Deretter reiser han nordover, og etter nokre år er han konge over både Sør-Noreg og Trøndelag.

☛ Kristendommen held på å få fotfeste, men mest i namnet. Folk flest tek ikkje den kristne trua så nøye, trass i at lagtinga rundt om i landet har vedteke at kristendommen skal innførast. Snorre fortel at Olav går fram med hard hand, og det hende at folk vart drepne når dei nekta å godta den nye trua.



## Kyrkjemøtet på Moster

✎ I 1023 blir det halde kyrkjemøte på Moster. Her blir kyrkja knytt til kongen som ei statskyrkje, og det blir utarbeidd kyrkjelover. Olav har fire engelske biskopar med seg under møtet.

✎ Lova er omtalt som «det store sedskiftet», og lovteksten opnar slik: *«Det første i lova vår er at vi skal bøye oss mot aust og be Kvitekrist om godt år og fred, at vi må halde landet vårt bygd og drotten vår ved helse. Han vere vår venn og vi hans venner, og Gud vere venn for oss alle».*

✎ Under møtet på Moster blir det mellom anna vedteke forbod mot fleirkoneri, forbod mot å setje ut barn som er uønskte, og forbod mot å selje trælar. Dessutan blir det bestemt at alle døde skal gravleggjast i vigsla jord.

✎ Olav reiser rundt og snakkar om kristenretten, men han møter mykje motstand frå bøndene. Olav trugar bøndene med tap av jord og eigedom. På den måten skaffar kongen seg mange uvenner.

*Moster gamle kyrkje er ei låg steinkyrkje frå 1100-talet som er reist på tufta til den fyrste kyrkja i landet, som Olav Tryggvason skal ha reist i 995.*





# Olavs fall

☛ I 1028 kjem Knut den mektige (konge over Danmark og England) til Noreg med 50 krigsskip. Olav blir sviken av sine eigne hærmenn og må flykte. Han reiser med sonen Magnus og kona Astrid, som er dotter av svenskekongen, til Gardarike (Russland). Der slår dei seg ned hos svenske slektningar.

☛ Etter ei tid har Olav ein draum der Olav Tryggvason syner seg for han og oppmodar han til å følgje Guds vilje og reise attende til Noreg. I tillegg får Olav vite at Håkon Ladejarl, som Knut den mektige har sett inn som jarl over Noreg, har mist livet i eit skipsforlis.

☛ Han samlar mennene sine og dreg til Trøndelag, der han veit han vil møte den sterkaste motstanden. Han er fullt klar over det er eit vågestykke, men går med

den innstillinga at det får bere eller breste.

☛ Like før slaget på Stiklestad drøyer han at han klatrar opp ein stige som når heilt til himmelen. Han lovar mennene sine at Gud vil gi dei større lønn enn gleder over verdslege ting. Dei kjempar tappert mot overmakta, men må gi tapt. Olav fell på Stiklestad 29. juli 1030.





# Olav som helgen

☛ Snorre fortel om Olavs fall som ein martyrdød, og etter slaget på Stiklestad får forteljinga om Olavs død status som kristusliknande helgenforteljing.



☛ Ein bonde frå Stiklestad tek med seg liket av Olav og gravlegg det der Nidarosdomen står i dag. Snart byrjar folk å tenkje på Olav som ein heilag mann. Det blir fortalt historier om underlege ting som skjer ved grava hans:

Blinde får tilbake synet, og sjuke folk blir friske etter å ha rørt Olavs grav. Olav blir opphøgd til katolsk helgen.

☛ I 1070 startar bygginga av Nidarosdomen, og kyrkja står ferdig rundt år 1300. Nidaros blir det viktigaste pilegrimsmålet i Norden gjennom heile mellomalderen,

og kyrkja er framleis ein viktig stad for pilegrimar.

☛ Rundt om i landet blir det fortalt segner om bragdene til Olav den heilage. Alle forteljingane handlar om underlege ting som har skjedd der kongen fór fram. Ei slik segn har vi frå Olavssundet i Søgne (Vest-Agder). Her opna fjellet seg slik at Olav og mennene hans kunne segle farefritt gjennom og på den måten unngå å møte fienden.



